

Fra: Terje Myklebust <Terje.Myklebust@TUSSA.NO>
Sendt: 13. juni 2014 11:23
Til: Pettersen Steinar
Kopi: Grundt Øystein; Flatby Rune; Elling Dybdal
Emne: Osdalen kraftverk
Vedlegg: 5114316-N03 Notat ang lavvannføringer rev01.docx

Vi viser til telefonsamtale den 3. juni -14, der du informerte om at OED ville sende saka om Osdalen kraftverk tilbake til NVE for slutthandsaming.
Sjølvsom vi har tapt litt tid er vi glade for at saka no er på rett spor.

Då vi hadde innstilt oss på at det var OED som skulle handsame saka har vi allereie førebudd oss på å kommentere innstillinga.
Vi tillet oss derfor å sende desse kommentarane til NVE før vedtak vert fatta i saka.

Generelt:

Sjølvsom etter 90 år med regulering av vassdraget (utan krav til minstevassføring) har det ein god økologisk tilstand. Då kraftverka ligg ovanfor den anadrome strekninga, vil vi hevde at kraftverksdrifta ikkje har vore til ulempe for laksefisket i vassdraget, kanskje tvert om! Vassdraget er heller ikkje prioritert for revisjon av reguleringskonsesjon.

Ved å bygge Osdalen kraftverk med ein normal årsproduksjon på om lag 17 GWh i den allereie regulerte elvestrekninga mellom Grøndalsvatnet og Osdalsvatnet får vi ei mykje betre resursutnytting. Kraftverket vil skaffe sikker straumforsyning til innbyggjarane i den 'elektrisk isolerte' Osdalen, som aldri har vore tilknytt eit everk! Prosjektet har difor slik vi ser det samfunnsmessig høg nytteverdi.

Minstevassføring:

Vi syner til vedlagte notat frå Norconsult v/hydrolog Jon Olav Stranden om minstevassføringar. I NVE sine vurderingar kjem det fram at hydrologisk avdeling i NVE har kome fram til heilt andre tal enn det Stranden har kome fram til. Då vi ikkje har fått framlagt NVE sine berekningar er det vanskeleg for oss å ha noka meining om nivået på desse verdiane.

Det vi finn problematisk er at NVE vil ha med Grøndalsfeltet i grunnlaget for berekningane. (NVE skriv at vi har oppgitt 5% verdiar for dette feltet, noko vi ikkje har gjort av prinsipiell grunn) Som de kjenner til vart det gitt reguleringskonsejion den 1. september 1922. Slik vi ser det grip då NVE inn i gjeldande reguleringskonsesjon som er gitt utan minstevasslepping. Og det er vel berre OED som kan gjere det? Vi meiner framleis at dette feltet må haldast utanfor.

Når det gjeld nivået på minstesleppet som NVE forslår til 150 og 60 l/sek så er dette over 5 ganger 5%-verdiane vi har kom fram til for restfeltet (27/12 l/sek). Det seier seg sjølvsom at driftsmessig kan dette føre til mykje stopp av kraftverket ved stengt luke.

Elles er vi ikkje samde med NVE si vurdering om at 27 l/s er for lita vassføring for å oppretthalde eit livsmiljø for auren på den regulerte strekninga. I store deler av strekninga er det ikkje gyteforhold og den auren som lever der er aure som har sleppt seg ned frå Osdalsetervatnet. Denne står i kulpane og vil ikkje ha problem å leve med over 2300 m3 i døgnnet.

Sommar/vinter-minstevassføring – tidsintervall

NVE skriv at vårt forslag om sommarslepping frå 1/6 til 31/8 ikkje har tilfredstillande grunngjeving. Grunnen er at restfeltet har høge lokaltilsig i mai og september allereie ei kort strekning nedanfor inntaket. Dette gjer at behovet for sommarminstevassføring i mai og september er vesentleg mindre enn i dei andre sommarmånadene. Vi syner og til vedlagte notat frå Norconsult der dette greitt er dokumentert og grunngjeve.

Turbintype

Når det gjeld turbintype har vi skrive i søknaden at det truleg blir Francis. Endeleg val blir vanlegvis gjort i samband med detaljplanlegginga av kraftverket.

Vennleg helsing



Terje Myklebust
Kraftverksjef
Tussa Energi AS

+47 915 16 905

terje.myklebust@tussa.no